

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim



Kom og kjenn på julestemninga

Eit rikt repertoar av
gamalt og nytt, norsk og engelsk

Aktørar:

Astrid Skodvin, Hanne Daae, Karin Haugen
Amelie Knieriem, Ana Maria Dode, Ann Kristin Sæle
Svein Villanger, Jostein Hauge, Trygve Gjerde,
Helge Kaland, Levi Kaland, Stig Skauge, Kari Tresnes
Tekstlesar: Kjell Dahle

Arrangør: Soknerådet og Lervåg bedehus

Torsdag 05.des kl. 19.00

Lervåg bedehus

kr 150,-

Gratis under 16 år

Nr. 09-2019 - Desember nummeret - 48. årgang - Nytt stoff innan 14. januar 2020



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



Kyrkjeskys

Treng du skys for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	90 69 53 77
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

KYRKJEBAKKEN

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd

Redaksjon: Jostein Hauge
Jorunn Kårdal
Leif Arne Økland
Svein Tomas Villanger

Bankgiro: 3490.07.04196

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Laurdag 30. november kl. 18.00
Lysmesse med konfirmantane

Torsdag 05. des kl. 19.00
Julekonsert i Lervåg bedehus

Fredag 13. des kl. 18.00
Gudsteneste for alle

Måndag 16. des
Barnehagegudsteneste
Kaland kl. 10.00

Skulegudsteneste Årås
kl. 12.00

Tysdag 17. des
Barnehagegudsteneste
Kystbarnehagen kl. 10.00
Skulegudsteneste Kaland
kl. 12.00

Julaftan
Gudsteneste kl. 14.30
Gudsteneste kl. 16.00

1. juledag kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste

Ei krubbe for vår tid

Av fungerande biskop,
domprost Gudmund Waaler



I kyrkja legg vi ofte stor vekt på det indre livet. Men betyr det at det ytre er heilt uvesentleg? Det fascinerer meg kor mykje pengar, tid og krefter eg brukar på estetikk! Sjølv er eg oppteken av kunst, interiør og fargar. Ikkje sjeldan tek eg turen innom ein liten designbutikk i sentrum. Eg har også lagt merke til at den kvinnelege delen av husstanden likar å shoppe støvletter. No er ikkje dette spesielt originalt! I vår forbrukarkultur er det normalt å bruke mykje pengar på det ytre. Men gjer det oss til overflatiske menneske? Det trur eg blir for enkelt. Gjennom det ytre, og det vi omgir oss med, uttrykker vi oss og skaper ein identitet. Estetikk er difor viktig. Å vere oppteken av det skjøne og det vakre har lang tradisjon i kyrkja. Gud har gitt oss evne og vilje til å forme og skape gjennom kunst og kultur. Samtidig veit vi at kvar tid har sitt uttrykk og sitt syn på kva som er vakkert.

Maleriet frå altarskapet i Mariakirken i Bergen viser korleis kunstnarar allereie på 1600-talet hadde forstått dette. Klede skapar folk og identitet - difor er alle på biletet kledd etter moten slik den var då.

Skal vi forstå at Gud er til stades i vår tid, må vi våge å male Jesus inn i vår kontekst og i våre liv. Kvar trur du

Gud ville plassert Jesu krybbe dersom han skulle blitt fødd i dag? Kanskje ville han blitt fødd på eit asylmottak med ei einleg mor? Biletet vi har frå stallen i Betlehem lyg ikkje. Dei vise mennene fann ikkje Jesus hos kong Herodes, eller mellom dei lærde i tempelet i Jerusalem, men i ein stall der det lukta sveitte og møk. Denne konteksten betyr noko fordi Gud valde den heilt medvite. Når Gud blir fødd inn i vår verd, blir han svak. Han blir utlevert. Han blir sårbar, overgitt til ei fattig kvinne. Det gjer han fordi han elsker oss. Han gjer det for å vise oss kva kjærleik er. Kjærleiken kan ikkje krevje, den kan berre komme oss i møte og seie; sjå her har eg kome deg så nær som eg kan for å vise deg min kjærleik. Gud viser sin solidaritet med oss nettopp ved å velje å bli fødd i eit folk som var forfulgte. Gud kjem til oss der vi er og blir ein av oss, kledd som ein av oss. Også i dag er han vår bror. Han er i lidinga når menneske lir. Han græt når vi sørgjer. Han ler når vi er glade. Han vil la seg finne i vår verd når vi søker han.

Og finner du ham i krybbens hø / som hyrder så, som hyrder så, / da cier du nok til freidig å dø / og leve på, og leve på.

(Jonas Dahl)

Bildetekst: Utsnitt av altarskapet i Mariakirken i Bergen. Foto: Hilde Smedstad Moores, Universitetet i Stavanger



Austrheim sokn

Gravlagde

12.november: Aslaug Helland f.1928

12.november: Inger Johanne Sævrøy f. 1937

Døpte

17.november:

Felix Bergstrøm Hovden

Leonora Norstrand

Jarand Kroksveen-Bøe

Mikal Kvinge



Takk

til Diakoninmda for den fine rosa
eg fekk til 96 års dagen min,
Og takk til Målfrid
som kom med den !

Helsing Helga Kårdal

Takk

Tusen takk for gåva frå Årås
søndagsskule til den store
barnehelga.

Helsing soknerådet.

Hjartelig takk

for minnegåva som vart gitt til
Nordliheimen i samband med
gravferda til Aslaug Helland og
gravferda til Alv Breisnes

Takksame helsingar frå
personalet og bebuarane ved
Nordliheimen.

Takk

til Austrheim Diakoninemd, for ei
fin rose til min 83 års dag,
frambåren av Borgny Sætre,!!!

Beste helsing Jan Foss.

Tusen takk

til Kyrkjeprydna for gåve til
innkjøp av bibler og salmebøker.

Helsing soknerådet

Vår varmaste takk

for all vennlig deltagelse ved
vår kjære Inger Johanne Sævrøy
sin bortgang.

Familien

Fagre juledag



Tore Kloster - tenor
Irene Simonsen - piano
Solveig Sørheim - trørgel

Seniorsenteret
torsdag 12.desember kl 13.00
Bill kr 100

Annonse i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside
kr.1.000,-

3/4 – 2/3 side
kr. 750,-

1/2 side
kr. 500,-

1/3 side
kr. 350,-

1/4 side
kr. 250,-

Små annonser
kr. 150,-

Korte takkeannonser
er gratis.



UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

- Frist 14.jan.
- Frist 11.feb.
- Frist 10.mars.

Ut 30.jan
Ut 27.feb
Ut 26.mars





Randi Minde
Min Julesalme

Eg har vald ein enkel og kort julesalme. Det er nettopp den enkle forma som fascinerer meg. For meg vert den djupe bodskapen i songen ekstra sterk ved at forma dannar ein så tydeleg kontrast.

Det enkle viser seg også i dette barnet som fekk den enklast senga ein kan tenkje seg – ei krybbe. Vidare i songen møter ein det storslåtte - Guds himmel. Stjernene lyser like inn til dette vesle barnet og det er som Gud sender ein lysglimt like inn i stallen.

Her vert og julebodskapen knytta opp mot påskebodskapen. Dette er med på å gjere denne songen rik for meg. Julebodskapen er ikkje berre bodskapen om eit barn. Den peikar og mot hendingane i påska.

Salmen sluttar med ei bøn om at lyset også kan vise vegen for oss slik at me alle når dette himmellandet. Dermed vert denne avsluttande bøna naturleg, daglegdags og meningsfull for meg.


Songgruppa Reflex synest eg greier å få fram dette enkle og set meg i rett julestemning. Lytt gjerne til den.



*En krybbe
var vuggen*

- 1.En krybbe var vuggen
som ventet ham her,
det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.
Men stjernene lyste helt inn der han lå,
det lille barn Jesus, på leiet av strå.
- 2.Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.
Han kom fra Guds himmel,
Gud selv var han lik,
men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.
- 3.Fra krybben til korset gikk veien for deg,
slik åpnet du porten til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
så alle kan samles i himlen hos deg!

*Tekst v. 1: Ukjent, ca. 1883, Philadelphia;
v. 2–3: Eyvind Skeie, © 1979 Eyvind Skeie.
Overs. v. 1: Agnes Landmark, d. 1959. ©
Agnes Landmarks arvinger.*



KILSTRAUMEN
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 952 13 012 ELLER 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



basifot

AUSTRHEIM

Velkommen til fotbehandling!
Jeg holder til i lokalene til
Årås Sanitetsforening:
Furulyvegen 31

Jeg selger også sko og
fotpleieprodukter.

*Julegavetips:
gavekort på fotbehandling*



Autorisert fotterapeut
Janet H. Rebnord Talberg
Tlf. 98613252
austrheim@basifot.no



Utbetringar i kyrkja

Som omtalt i eit tidlegare nummer av Kyrkjebakken, står vi framfor eit ganske omfattande utbetringararbeid i kyrkja. Vi skal byta 4 bæresøyler, samt forsterka takkonstruksjonane på loftet. I tillegg viser det seg at det er fleire mindre lekkasjar i skifertaket over koret i kyrkja. Taksteinen skal brukast opp igjen, men det skal leggjast opp nytt sutak og papp. Arbeidet er omfattande og kostnaden av utbetringa vert ikkje klar før tidleg i desember.

Dette arbeidet skal gjerast over ein så konsentrert periode som mogeleg i tidsrommet mellom 6.januar og 27.mars i 2020. I rehabiliteringsperioden innanfor dette tidsrommet vert kyrkja stengt. I samarbeid med Multiconsult, som

soknet har hyrt inn som fagkonsulent i denne prosessen, hadde vi befarings i kyrkja den 18.oktober, med 3 ulike firma som er inviterte til å utføra dette arbeidet. Kven som vinn denne tilbodskonkurransen vert avklart tidleg i desember, i samarbeid med Multiconsult.

Vi vil ha behov for ein del dugnadsarbeid i forkant, for å demontera benkar, lysekruner, høgtalarar, samt dekkja til løpar og golvet elles.

Gravferder vil måtta gå føre seg frå andre lokale enn kyrkja. Dette gjeld også gudstenestene. Informasjon om dette vil bli lagt ut på heimesida vår så snart dette let seg gjera.



LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

Torsdag 5.des. kl 19:00 *Julekonsert*

Se egen annonse

Søndag 8.des. kl 11:00 Møte: Øystein Valde

*Vi ønsker alle en velsignet julehøytid
og et fredfullt nytt år!*



Søndag 5.jan. kl 11:00 Møte: Geir Talberg

Søndag 19.jan kl 11:00 Møte: Torsten Mentzoni

Julebord

på Seniorsenteret onsdag 11. desember kl. 16,00.

Ord for dagen v/ Aud Risnes, song og musikk v/ Finn og Birger.

God julemiddag, allsong og hyggjeleg samvær. Pris kr. 350,- pr. person.

Bindande påmelding til tlf. 97 97 44 85 /56 16 94 59
innan 6. desember.

Arr.: Austrheim Pensjonistlag.



MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvare • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583



Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...



Rune Austrheim
Fosnøy Bilsenter AS
Telefon: 56 16 75 50



...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. www.fosbilsenter.no

For everything your car needs.

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Mini Frisør

Ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 19.

Timebestilling:
Mand.-Fred.
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna



Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic VARMEPUMPER

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no




Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til
med rådgivning
og tilrettelegging
ved begravelser
og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

Juleferie på biblioteket

HOVUBIBLIOTEKET

Epost:
bibliotek@austrheim.kommune.no
Tlf.nr 56162007

Siste opningsdag fredag 20. desember.
3. januar er første opningsdag
i det nye året.

FONNES FILIAL:

E-post: fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no - Tlf.nr 56162161

Siste opningsdag torsdag
12. desember,
opnar igjen 9. januar.

Onsdag 4. desember kl 19:00 i
AUSTRHEIMSTOVA/BIBLIOTEKET
Mikal Olsen Lerøen presenterer boka

«Pappas siste reis»

Han fortel den gripande historia om
faren som segla på oljetankar
i Persiabukta på 80-talet.

Gratis inngang, enkel servering.
Dette er siste stopp på

«Jorda rundt på 12 bøker, ei litterær rundreise»

Me trekker bokgaver blant alle som har
vore med på turen.

Fredag 6. desember kl 17:30 i gymsalen
PÅ KALAND BARNE- OG UNGDOMSSKULE

Kom i julestemning med Askeladden Friteater.

Ei lun og varm framsyning med song og
musikk for små og store.
Gratis inngang.

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
Kl.08.30 - 15.00.
Telefontid: **08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.**

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:
kl 08.30- 15.00
Helsesøster tlf. 56 16 82 11
Jordmor:
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

GRAVMINNER

 **Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no



*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 24. nov kl 11:00 Formiddagsmøte med nattverd.

Karen Sofie Aasmyr talar.

Trisdag 26. nov kl 19:00 Bønnekveld

Søndag 8. des kl 11:00 Adventsmøte
Christian Skoge talar.

Søndag 12. jan kl 11:00 Formiddagsmøte

Søndag 26. jan kl 11:00 Formiddagsmøte

Søndag 16. feb kl 11:00 Formiddagsmøte

Velkommen til samlingane!
www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

BASAR

LITLÅS BEDEHUS

Fredag 29. november kl. 18.00

Andakt ved Asle Hetlebakke

Åresal

Lynlotteri

Sal av diverse varer - Servering



Du er hjarteleg velkommen!

Tiriltunge barnekor inviterer til:

KONSERT - JULEFEST

8

Des.

Søndag

kl. 16.00

på Seniorsenteret

i Austrheim

Det blir konsert med barnekor og solister,

matøkt og gang rundt juletreet

Juletresalg

LIKE VED MASTREVIK TORG

**TORSDAG 12. DESEMBER
TIL OG MED 22. DESEMBER
FRA KL 10.00 – KL 17.00.**

Har også stort utvalg i mosekransar, barkranser, hjerter og puter.

Har også julenek. Pris fra kr 50,-

Treng du kransar eller juletre
tidlegare ring Tlf 957 47 903.
Tormund Nesse.



BASSENGET PÅ KALAND:

OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born
kl. 18-19 (foreldre med små
born vert prioritert
kl.19-20 Pensjonistar
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta
og er stengd i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-
Born under 16 år kr 20,-





FEDJEDAGEN

Lørdag den 26.10 hadde vi «Fedjedag» med konfirmantene.

En utrolig kjekk dag der vi fikk anledning til å bli bedre kjent med hverandre! Vi startet dagen med ordinær undervisning på bedehuset. Dagens tema var gledesperlen, «den bekymringsløse perlen».

Vi snakket om hva den står for og hva den kan bety for oss. Vi hadde noen kjekke «bli kjent-leker», en god pause med kaker og kjeks, rebusløp med oppgaver rundt, og i kirken, og vi utforsket Fedje.

Dagen ble avsluttet med et felles taco-måltid og en fin avslutning i Fedje kirke! For en dag!



JULEKONSERT
AUSTRHEIM SONGLAG

HIMMEL OG JORD MØTES I NATT

Dir.: Steinar Ebbesvik
Orgel: William Kay
Piano: Elisabeth J. Risnes
Fløyte: Kari Tresnes



AUSTRHEIM KYRKJE

22.12.2019 KL. 20.00

VAKSNE: KR 200,-
BORN: KR 100,-

Sal av billetter:
Mastrevik Bok og Papir og ved inngangen.



Juleminne

Familien min kom til Austrheim som prestefamilie i 1996. Far min, Egon Askvik, var prest på Austrheim til 2008. Eg har mange gode minne frå jul på Austrheim, og dei aller fleste av desse minna er ifrå Austrheimkyrkja. Som prestefamilie budde me meir eller mindre i kyrkja gjennom julehelga.

Eg hugsar aller best julespela i åra 2005-2007. Pappa hadde ein draum, og over 90 frivillige samla seg og laga ei nydeleg dramatisering av julevangeliet, og det på sjølvaste julafta. Her var eldre karar gjetarar, konfirmantar englar og Jesusbarnet ein liten baby. Ein stall i full skala vart snekra. Ungdomslaget var inne både som arrangør saman med soknerådet samt bidrog med skodespelarar og teknikarar, og Vestlandske teatersenter var inne i planlegginga og bidrog med både kursing i kostymesyng, teatersminke og

lysedesign. Aldri har det vel før vore så mykje teknikk inne i Austrheim kyrkja. Eg hugsar eg vart fortalt at det var hengt opp over 50 lyskastarar i taket og på galleriet.. Alt måtte tenkast på. El- verket vart kontakta, om dei ikkje kunne skru av den lyktestolpen rett utanfor kyrkja, slik at den ikkje skulle skine inn og øydelegge lysedesignet.

Rett før ei av gudstenestene rauk straumen. Då var det greit at det var keisar Augustus som hadde vore med og monterer lyset, eg gløymer aldri då eg møtte Kolbjørn klatrande ned frå loftet i kyrkja i fullt keisarkostyme då han hadde vore oppe for å skifta ein sikring...

Sjølve forestillinga var magisk. Kvirinius og Keisar Augustus møtte folk i døra og skreiv dei inn i manntalet. Englane dansa

i midtgangen. Jesusbarnet og Maria og Josef satt stille i stallen og gjetarane gjekk seg vill i benkeradane.

Det at så mange fra ulike miljø, ulike aldrar fann saman og kunne trekke i lag for og fortelje ei historie med musikk og bilete - det gjorde uutsletteleg inntrykk på meg. Og eg var veldig stolt då eg vart spurd om å ha regien på julespelet etter det første året. Me laga noko heilt spesielt i lag!

24. til 25. desember var eit utruleg intenst døgn i familien vår desse åra. Og det er nok mulig at enkelte heller skulle ha fått sett ferdig Tre nøtter til Askepott enn å springe rundt med instrument og kostyme... Men eg hugsar det som ei veldig fin tid. Eg likar å vere i elden. Det første som skjedde på julafta var andakt på sjukeheimen. Pappa holdt julegudsteneste der, så gjekk vi gjennom korridorane og song julesongar, og inn på romma til dei som var for sjuke til og komme seg ut. Så var det heim til litt graut med mandel og marsipangris, før julespela var i gong. Etter dette åt me på magisk vis middag (mamma har spesialisert seg på å lage julemiddag imellom gudstenester og at den likevel er varm når vi skal ete), gjekk rundt juletreet og åpna presangar - før det var ut igjen til midnattsgudsteneste. Dei siste pakkane tok vi gjerne etterpå. 1. juledag var det på an igjen. Me var tidleg i kyrkja for å øve på Marianne Eriksen sine spesiallaga arrangement, det var stort og få vere med! Det var høgtflygande diskantar og xylofonar, og ulike

rasle-instrument vart delt ut. Eit år heiste me (med tvilsomme HMS- reglar) til og med pauker opp på galleriet.

Alt i alt veldig travelt, og veldig givandes. Då me flytta til Leikanger i 2008 tok det ikkje mange år før det vart julespel her også, og aktivitetsnivået tilsvarande stort. Då pappa vart kreftsjuk våren 2016 ynskte han at vi skulle ha julespelet den komande jula sjølv om det kanskje kom til å bli utan han. Det var ikkje heilt lett å organisera (han trakk jo vanlegvis i svært mange trådar), men julespel vart det. Pappa var veldig svak og dårlig, men klarte faktisk komme seg opp i kyrkja til det siste spelet. Han sat på ein stol, midt mellom englar og gjetarar og lyste velsigninga over alle. Også bad han denne bønna:

*I dag på julafta tenner me lys og bed for kyrkja og verda.
Me bed for situasjonen i Syria
Me bed for alle som er på flukt
Me bed for alle som er sjuke,
einsame og sørgjer denne jula
Me bed om at jula si glede skal
nå inn til oss alle*

Ei veke seinare, på nyttårsafta, døydde han. Og eg var så glad for at me hadde klart og ha julespelet det året. Det var eit prosjekt som heilt sia det første spelet i Austrheim favna kjerna i det pappa var opptatt av: forteljninga om det vesle barnet og det store «vi-et» der alle som vil kan få vere med.
Ingrid Askvik

